Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8 — Fylke: Aust-Agder

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Iveland

Emne: Bit og brom — Bygdelag.

Oppskr. av: Andreas Kopeid — Gard:

(adresse): N E G. — G.nr. — Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Heimelsmenn: Knut Ranestad, f. 1882 på Ranestad, bonde der
Katrine Ranestad, f. 1894 på Håvardstad i Iveland, budde i barndomen fleire stader i Frøysadalen, gift med Knut R.

I eldre tid var det vanleg at dei tok heim brom i vårknipa og gav til kyrne. Brom er tynn, fin kvist med knuppa på. Dei har gjort slik på Ranestad også. Katrine R. hugsar at dei gjorde det eit år kring 1920. Dei ville gjerne ha kyrne inn til over 17. mai og skøytte då på med brom.

I eldre tida var det også vanleg at dei drog heim ungfurú og bjørk i tunet og la det nede ved uthusa. Så slepte dei sauer og geiter ut i det. Dyrå åt kvistan på bjørka, men baret og borken på furua. Det var mest furu dei tok. Dei tok einer også, serleg med tanke på geitene.
Eg fekk ikkje noko namn på dette fôret, men Knut R. tala om tollebar til geitene.

16584